

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Utvalsalen 2.et, Fylkeshuset, Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli
<b>Dato:</b>	24.02.2020
<b>Tid:</b>	10:00

**Program:**

10.00 - 10.15	Opning av møtet
10.15 - 12.00	Orienteringar: <ul style="list-style-type: none"><li>• Folkehelsearbeidet i VLFK - orientering v/Else-Marie Brobakke Aarø</li><li>• Universell utforming i VLFK - orientering v/seksjon plan, klima og folkehelse, rådgjevar Andreas Ask og rådgjevar Arvid Hauge</li><li>• Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterer om fylkesbudsjettet 2020 - innsparingar &amp; fylkeseldrerådet sitt budsjett 2020 (kjem kl. 11.00)</li><li>• Leiar Harald Ekroll orienterer</li></ul>
12.00 - 12.45	Lunsj
12.45 - 14.30	Sakshandsaming

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkeseldrerådet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Harald Ekroll

leiar

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 28.01.2020	2020/1928	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 09/20	Eldrerådskonferansen 2020	2020/1928	
PS 10/20	Vestlandskonferansen 2020	2020/1928	
PS 11/20	Fylkeselderådet - handlingsplan for rådet for perioden 2019- 2023	2020/1928	
PS 12/20	Fylkeseldrerådet - oppfølging av saker og planlagde aktivitetar våren 2020	2020/1928	
PS 13/20	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024	2020/1928	

## **Godkjenningssaker**

**GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

---

Saknr: 2020/1928-25  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	4/20	24.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkeseldrerådet 28.01.2020

Møtebok frå møtet i fylkeseldrerådet 28.01.2020 er lagt ved saka.

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset Sandsli, Sandslihaugen 30
<b>Dato:</b>	28.01.2020
<b>Tid:</b>	10:00-14.30

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KRF
Gunvor Riim Opedal	Medlem	
Maria Kristine Monsen	Medlem	
Kristen Skjeldal	Medlem	
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	
Vigdís Helene Ravnøy	Nestleiar	
Harald Ekroll	Leiar	
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ingen forfall meldt		

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Gudrun Einbu	Leiar Transporttilbod, Skyss
Hans Christian Engum	Seniorrådgjevar, Plan, klima og folkehelse
Dagmar Reutz Hillestad	Som utvalssekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 25.11.2019	2020/1928	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Er ditt eldreråd engasjert som brukerrepresentant	2020/1928	
RS 2/20	Invitasjon Eldreråds kurs - 15. - 17. april 2020	2020/1928	
RS 3/20	Invitasjon til dialogmøte 24. januar 2020	2020/1928	
RS 4/20	Møte i koordineringsgruppa - regionalt støtteapparat Leve Heile Livet-reforma	2020/1928	
RS 5/20	Velferdsteknologiens muligheter! Tilbud om foredrag/kurs våren 2020	2020/1928	
RS 6/20	Fylkeseldrerådet - Uttale til budsjett 2020	2020/1928	
RS 7/20	Nye skredsikringslister for riks- og fylkesvegar pr. 17.12.2019	2020/1928	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/20	Fastsetting av møteplan for fylkeseldrerådet 2020	2020/1928	
PS 2/20	Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020	2020/1928	
PS 3/20	Fylkeseldrerådet - deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn	2020/1928	
PS 4/20	Søknad om forskottering - gang- og sykkelveg Fv 60 Loen - Solvik/Rake	2020/1928	
PS 5/20	Byvekstavgift bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming	2020/1928	
PS 6/20	Høyringsfråsegn - fartsgrense på motorvegar og vegstandard med ÅDT 6000-20000	2020/1928	
PS 7/20	Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune	2020/1928	
PS 8/20	Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023	2020/1928	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 2/20 Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 25.11.2019

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 25. november vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 1/20 Er ditt eldreråd engasjert som brukerrepresentant

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 1/20 vart referert.

RS 2/20 Invitasjon Eldreråds kurs - 15. - 17. april 2020

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 2/20 vart referert.

RS 3/20 Invitasjon til dialogmøte 24. januar 2020

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 3/20 vart referert.

RS 4/20 Møte i koordineringsgruppa - regionalt støtteapparat Leve Heile Livet-reforma

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 4/20 vart referert.

RS 5/20 Velferdsteknologiens muligheter! Tilbud om foredrag/kurs våren 2020

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 5/20 vart referert.

RS 6/20 Fylkeseldrerådet - Uttale til budsjett 2020

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 6/20 vart referert.

RS 7/20 Nye skredsikringslister for riks- og fylkesvegar pr. 17.12.2019

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

RS 7/20 vart referert.

Politiske saker

PS 1/20 Fastsetting av møteplan for fylkeselderådet 2020

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2020 for rådet sine møter slik den ligg føre.

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtok einstemmig det framlagde forslaget til møteplan for året 2020 for rådet sine møter.

Rådet gjorde vedtak om fylgjande møter:

28. januar: møtestad Bergen  
24. februar: møtestad Bergen  
28. april møtestad Førde  
22. september: møtestad Leikanger  
27. oktober: videomøte  
8. desember: møtestad Bergen

PS 2/20 Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vedtak**

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtok einstemmig det framlagde forslaget frå leiar til tema for orienteringar i møter i 2020.



PS 3/20 Fylkeseldrerådet - deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding for drøfting.

### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Vigdis Ravnøy** sette fram følgjande forslag:

«Martin Monrad Reigstad vert valt som fylkeseldrerådet sin representant i prosjektet «Aldersvenleg lokalsamfunn».

#### **Avrøysting**

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Martin Monrad Reigstad vart valt som fylkeseldrerådet sin representant i prosjektet «Aldersvenleg lokalsamfunn».

PS 4/20 Søknad om forskottering - gang- og sykkelveg Fv 60 Loen -Solvik/Rake

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Harald Ekroll** sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag til uttale i saka:

«Fylkeseldrerådet i Vestland har registrert at Stryn kommune har søkt om å forskottera utbygging av gang- og sykkelveg langs Fv. 60 Loen-Solvik/Rake.

Bygging av gang- og sykkelveg er sett på som eit godt folkehelse- og trafikksikkerheitstiltak. Det kan sansynlegvis også vera med på å redusera utslepp frå biltrafikken.

Vi har registrert at søknaden ikkje vil føre til auka utgifter for Vestland fylkeskommune, og vil heller ikkje koma til innløysing før tiltaket kjem med på investeringsprogrammet.

Ut frå dei positive verknadane tiltaket kan ha for folkehelsa og trafikktryggleiken, er det fylkeseldrerådet sitt råd at søknaden frå Stryn kommune vert innvilga.»

#### **Avrøysting**

Harald Ekroll sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet i Vestland har registrert at Stryn kommune har søkt om å forskottera utbygging av gang- og sykkelveg langs Fv. 60 Loen-Solvik/Rake.

Bygging av gang- og sykkelveggar er sett på som eit godt folkehelse- og trafikksikkerheitstiltak. Det kan sansynlegvis også vera med på å redusera utslepp frå biltrafikken.

Vi har registrert at søknaden ikkje vil føre til auka utgifter for Vestland fylkeskommune, og vil heller ikkje koma til innløysing før tiltaket kjem med på investeringsprogrammet.

Ut frå dei positive verknadane tiltaket kan ha for folkehelsa og trafikktryggleiken, er det fylkeseldrerådet sitt råd at søknaden frå Stryn kommune vert innvilga.

PS 5/20 Byvekstavtale bergensområdet 2019-2029. Framlegging av ferdigforhandla avtale til politisk handsaming

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

**Harald Ekroll** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet tek saka til orientering».

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek saka til orientering.

PS 6/20 Høyringsfråsegn - fartsgrense på motorveggar og vegstandard med ÅDT 6000-20000

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

**Harald Ekroll** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet tek saka til orientering».

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek saka til orientering.

PS 7/20 Integrasjon av kollektivområdet i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

**Martin Monrad Reigstad** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet ber om at ved ein samanslutning av Skyss og Kringom med Bergen kommune og øvrige kommunar i Vestland, så må selskapet organiserast som ein fylkeskommunal etat under Mobilitet og Kollektivtransport».

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet ber om at ved ein samanslutning av Skyss og Kringom med Bergen kommune og øvrige kommunar i Vestland, så må selskapet organiserast som ein fylkeskommunal etat under Mobilitet og Kollektivtransport.

PS 8/20 Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

#### **Saksprotokoll i 28.01.2020 - Fylkeseldrerådet**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

**Harald Ekroll** sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet tek saka til orientering».

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek saka til orientering.

**Politiske saker**

**PS 9/20 Eldrerådskonferansen 2020**

---

Saknr: 2020/1928-22  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	9/20	24.02.2020

### Eldrerådskonferansen 2020

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å invitera dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til eldrerådskonferanse hausten 2020. Det er viktig at ein allereie no startar planlegginga med omsyn til dato og konferansestad. Fylkeseldrerådet vel å oppnemnda ei arbeidsgruppe på tre personar til å førebu konferansen.

### Samandrag

Eldrerådskonferansen har vore ei årviss samling for dei kommunale eldreråda både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Fylkeseldrerådet i Vestland ynskjer å vidareføre denne årlege samlinga mellom representantar frå dei kommunale eldreråda i fylket og fylkeseldrerådet. Fylkeseldrerådet ynskjer at denne haustkonferansen skal vera aktuell, relevant og interessant for deltakarane, så difor er det viktig at ein har god tid til planlegginga.

Når ein no er vorte eit stort fylke med 43 kommunar, så vert også denne konferansen av ein viss storleik. Det er såleis viktig at mest mogleg av programmet for konferansen er klart før sommaren.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er viktig at ein held fram det gode samarbeidet som fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland har hatt med dei kommunale eldreråda. Utviklinga i samfunnet skjer raskt, både på det teknologiske området og på tenestefeltet. Store omorganiseringar fører til at viktige offentlege tenester blir digitalisert/sentralisert, og velferdsteknologien gir nærast endelause moglegheiter. Om lag halvparten av kommunane i Norge prøver ut eller har teke i bruk ulike former for velferdsteknologi i sine tenester.

Likeverd, sjølvstende og deltaking er heilt avgjerande i eit lokalsamfunn - ikkje minst når tenester skal endrast og utformast. Offentleg transport er også eit særst viktig tema for eldreråda. Tidlegare snakka ein om at kollektivtransporten skulle gjerast tilgjengeleg for funksjonshemma - no er det omgrepet universell utforming som gjeld. God tilrettelegging er viktig for alle trafikantar, det må utformast slik at det er tilgjengelige og brukarvenleg for alle. Skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve, men skal ein nå målet om fleire heimebuande eldre må det etablerast rutetenester slik at ein kan gje innbyggjarane eit reelt reisetilbod. Serviceskyssen og eit nytt prøveprosjekt som t.d. «Hent meg» er eit døme på det.

Den kulturelle spaserstokken er eit anna tema som råda arbeider med. Kommunane vert tildelt midlar etter søknad. Midlane skal bidra til profesjonelle kunst- og kulturopplevingar for seniorar ved at det blir tilrettelagt for ulike typer tilbod på ulike kulturarenaer, seniorsenter, sjukeheimar og elles andre arenaer der eldre oppheld seg i dagleglivet. Dette skal vera eit gratis tilbod for målgruppa.

I den seinare tid har råda fått nye oppgåver gjennom «Leve Heile Livet»-reforma og «Aldersvennlege samfunn»

Dette har vore viktige tema på eldrerådskonferansane i både sør- og nordfylket. Slike samlingar gir ny kunnskap, erfaringsutveksling og ny inspirasjon til eldrerådsarbeidet. Skal ein sikre reell medverknad må ein ha aktive eldreråd både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkeseldrerådet dekker sine utgifter innafor eige budsjett

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer å invitere representantar frå dei kommunale eldreråda i Vestland fylke til haustkonferanse i 2020. Fylkeseldrerådet set ned ei arbeidsgruppe på tre personar frå rådet. Arbeidsgruppa som skal stå for planlegging og førebuing av konferansen. I tillegg vil sekretariatet tiltre gruppa ved behov, bl.a. henta inn tilbod frå aktuelle avtalehotell for eit slikt arrangement.

---

Saknr: 2020/1928-21  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	10/20	24.02.2020

**Vestlandskonferansen 2020**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å ta imot invitasjonen frå Rogaland fylkeseldreråd til vestlandssamlinga i mai 2020. Samlinga finn stad på Sola Strandhotell onsdag 13.- torsdag 14. mai.

**Samandrag**

Det har vore tradisjon for at eldreråda i fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har arrangert ein årleg Vestlandskonferanse. I 2020 er det Rogaland sin tur til å arrangere denne. Når ein no er vorten to fylkeskommunar - Rogaland og Vestland, er det grunn til å drøfte om Vestlandskonferansen skal førast vidare i si noverande form, eller om ein ser det som naturleg å innlemma fleire fylkeskommunale eldreråd i vest i dette samarbeidet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Samarbeidet mellom fylkeseldreråda i dei tre vestlandsfylka vart etablert for om lag 15 år sidan. Dei årlege samlingane har alternert mellom dei tre råda. I 2020 er det Rogaland som har ansvaret for å skipa Vestlandskonferansen. Det skjer i tida onsdag 13.-torsdag14. mai og møtestaden er Sola Strandhotell. Det vert ei lunsj-til-lunsj-samling med eit rikhaldig program med særst interessante tema og innleiarar.

Fylkesordførar Marianne Chesak helsar konferansen, og leiar i Vestland fylkeseldreråd Harald Ekroll deler sine erfaringar som eldrerådsleiar.

Programmet inneheld fylgjande tema:

- Fylkesadvokaten: Ny kommunelov, nye vedtekter. Kva kan og skal eit eldreråd gjere?
- Leve Heile Livet v/fylkesmannen og KS i Rogaland  
Korleis kan fylkesmann, KS og eldreråda i fylkeskommunen samarbeide om dette?
- Arbeid i grupper ang. kva som er det politiske handlingsrommet for fylkeskommunale eldreråd
- Nytt frå fylkeskommunane og organisasjonane. Kva arbeider vi med no?
- Folkehelse for eldre
- Eldre som ressurs
- Ein samferdselspolitikk for eldre
- Ein fylkeskommunal kulturpolitikk for eldre. Korleis får vi sving på det?

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkeseldrerådet dekker sine utgifter innafor eige budsjett

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer å ta imot invitasjonen, og vonar at så mange som råd er av fylkeseldrerådet sine faste medlemmar har høve til å delta på Vestlandskonferansen 2020.



---

Saknr: 2020/1928-23  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	11/20	24.02.2020

**Fylkeseldrerådet - handlingsplan for rådet for perioden 2019-2023**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden 2019-2023.

**Samandrag**

Fylkeseldreråda både i Hordaland og Sogn og Fjordane utarbeidde handlingsplanar for arbeidet sitt i førre valperiode. Rådet vil vidareføre dette arbeidet i ny fylkeskommune, og vil med dette planmaterialet som utgangspunkt arbeide ut ein ny handlingsplan som skal liggje til grunn for fylkeseldrerådet i Vestland sitt arbeid i perioden 2019-2023.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Hordaland utarbeida handlingsplanar for sitt arbeide i sist valperiode. Sjølv om handlingsplanane hadde noko ulik utforming, er innhaldet og tema omlag dei same.

Handlingsplanane inneheld fylgjande tema:

- få møte-, tale og forslagsrett i kommunale/fylkeskommunale vedtaksorgan
- ha god kommunikasjon med politisk leiing, administrasjonen og råda
- kunne leggja fram eigne saker for dei politiske organa i fylket
- vera eit aktivt fylkeseldreråd
- fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon
- fylkeseldrerådet vil arbeida for å hindre diskriminering og fremje likeverd i saker rådet handsamar
- rådet vil arbeida for å synleggjera eldre som ressurs
- rådet vil til ei kvar tid ha rettferd, kjønnsfordeling og FN sine prinsipp for eldre sine rettar for auga
- motarbeide all form for aldersdiskriminering
- eldre skal ha moglegheit for å leve i verdigheit og tryggleik, utan å bli utnytta eller utsett for fysiske eller mentale overgrep, verte handsama rettferdig uavhengig av alder, kjønn, rase, etnisk bakgrunn eller nedsett funksjonsevne
- bli verdsett uavhengig av økonomisk situasjon
- rådet vil at velferdsteknologi vert teke i bruk på ein måte som tek i vare brukarane sin integritet
- gir tilstrekkeleg utdanningstilbod innanfor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga
- at fylkeskommunen fylgjer opp ansvaret sitt og oppgåver etter lov om folkehelse
- at talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert
- at det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta
- det må vera eit gjennomgåande krav at universell utforming vert ivareteken i bygge- og reguleringsaker
- gjennom planarbeidet legge vekt på dei eldre sine ynskjer og behov
- universell utforming som gir tilkomst til alle fylkeskommunale bygg
- rådet vil delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt
- at alle vegplanar må innehalde punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd
- det må vera eit mål å sørge for tilgjengeleg og sikker transport, slik som serviceskyssen og tilrettelagt transport - og det må vere eit tenleg tilbod i alle delar av fylket
- rådet vil arbeida for at alle haldeplassar har leskur, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstigning.
- at brukarar av transportordninga for funksjonshemma (TT-kortet) som er innvilga TT-kort ikkje misser dette sjølv om dei har opphald i institusjon
- at staten aukar tilskotsramene til Den kulturelle spaserstokken
- Å ha eit allsidig kulturtilbod tilgjengeleg i heile fylket slik at eldre og funksjonshemma kan delta i kulturtilbod der dei bur
- rådet vil gjennom representasjon i brukarutval, deltaking i referansegrupper og ved uttalar til høyringar bidra til at alle sektorar innan helsetenesta fungerer og vert utvikla for å dekke dei eldre sitt behov

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet ynskjer utarbeida ein handlingsplan for sitt arbeide i inneværande valperiode 2019-2023. Rådet vil sjå til det gode arbeidet som er lagt ned i handlingsplanane frå dei to tidlegare fylkeskommunane, og nytte desse som utgangspunkt for det nye plandokumentet.

---

Saknr: 2020/1928-24  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	12/20	24.02.2020

## Fylkeseldrerådet - oppfølging av saker og planlagde aktivitetar våren 2020

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen

## Samandrag

Fylkeseldrerådet har tidlegare handsama nokre av sakene og valt representantar til å delta i ulike møter og temasamlingar. Rådet har mellom møta også motteke invitasjonar til å delta på dialogmøter og anna, og desse oppgåvene er fordelt blant rådet sine medlemar.

Bertil Søfteland  
seksjonssjefDagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

### • **Leve Heile Livet**

Fylkeseldrerådet i Vestland har tidlegare handsama sak om «Leve Heile Livet» - ei kvalitetsreform for eldre, vedteken i Stortinget i desember 2018 - Meld.St.15 (2017-2018).

Reforma har fem innsatsområder: 1. Eit aldersvenleg Norge, 2. Aktivitet og fellesskap, 3. Mat og måltider, 4. Helsehjelp og 5. Samanheng i tenestene.

Fylkesmannen har fått ansvaret for å vidareføre oppgåveløysinga, og er koordinator for arbeidet i fylket. Det er oppretta eit regionalt støtteapparat der representantar frå fylkeseldrerådet er med.

Det var møte i arbeidsgruppa torsdag 13. februar. Møtestad: Statens hus, Bergen.  
Frå fylkeseldrerådet deltok: Monrad Reigstad og Berit Anita Knudsen Larsen.

Møte mellom Senter for omsorgsforskning og det regionale støtteapparatet for Leve heile livet tirsdag 25. februar. Møtestad: Møllendalsveien 6, Bergen.

Her deltek: Harald Ekroll, Monrad Reigstad, Berit Anita Knudsen Larsen og Gunvor Riim Opedal.

### **Aldersvenleg lokalsamfunn.**

Denne saka vart handsama i fylkeseldrerådet 28. januar (PS 3/20). Det er KS som har fått i oppdrag å koordinera eit nasjonalt nettverk om aldersvenlege lokalsamfunn. Det var oppstart i 2019 der fylkeskommunane vart invitert til å delta med tre medlemar i nettverket. Hordaland deltok ikkje, men frå Sogn og Fjordane deltok leiar i fylkesrådet for eldre, Harald Ekroll, Åge Avedal, sekretær for rådet samt ein representant frå planstaben.

I rådsmøte 28. januar vart Monrad Reigstad valt til å representera fylkeseldrerådet i Vestland. Rådgjevar/utvalssekretær Dagmar Reutz Hillestad møter, og frå seksjon Plan, klima og folkehelse møter rådgjevar Else-Marie Brobakke Aaro.

Det er lagt opp til flg. samlingar:

Oslo 4. mars/fagsamling samfunnsdeltaking & kommunikasjon og medverknad:  
Monrad Reigstad og Dagmar Reutz Hillestad deltek, samt planseksjonen

Stavanger 31. mars/samarbeid med nettverket for UU og fagsamling: UU i kommuneplanar og utendørsområder samt bustad og transport.  
Kjellbjørg Lunde og Dagmar Reutz Hillestad deltek.

Oslo 20. april: Monrad Reigstad og Dagmar Reutz Hillestad deltek.

12. juni er det lansering av dei ulike verktøya som ein saman har utvikla og som kan nyttast i det vidare arbeidet.

- **Regionale dialogmøte i Vestland fylke om prioriteringar til Nasjonal transportplan 2022-2033 (NTP).**

Fylkesordføreren har invitert til innspelsmøte om Nasjonal transportplan 2022-2033. Dialogmøta føregår på tre stader i fylket:

Onsdag 19. februar, Bergen

Vigdis Ravnøy, Berit Anita Knudsen Larsen og Monrad Reigstad deltok frå fylkeseldrerådet .

Fredag 21. februar, Stord:

Kjellbjørg Lunde og Gundvor Riim Opedal deltok.

Torsdag 27. februar, Skei:

Her deltek Harald Ekroll og Kristoffer Skjolden.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet har fått tildelt fleire oppgåver i samband med gjennomføring av nasjonale reformer, noko som har ført til høg aktivitet i rådet innan ulike arbeidsfelt.

---

Saknr: 2020/1928-26  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet	13/20	24.02.2020

## Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## Samandrag

Medverknad frå relevante organ vert gjennomført i perioden februar til mars 2020. Fylkeseldrerådet fekk presentert arbeidet med regional planstrategi i rådsmøte 28. januar. Rådet har særleg merka seg mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv med følgjande strategiar: menneskevennlege fysiske omgjevnader og trygge og inkluderande lokalsamfunn. Like eins er «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping» eit viktig mål.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det førebauande arbeid med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune perioden 2020-2024 har starta opp. Fylkesutvalet vedtok i desember 2019 den formelle oppstarten av arbeidet med strategien, men gjennom 2019 har det vore ein lang og god prosess med å førebu arbeidet. Det har vore fem regionale dialogmøter rundt om i Sogn og Fjordane og Hordaland, og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.

Å utarbeide utviklingsplan (regional planstrategi) er ei lovpålagt planoppgåve for fylkeskommunen. Ein slik plan skal vedtakast seinast eitt år etter konstituering av fylkestinget - innan hausten 2020. Strategien skal vere ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og gi retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringar for regionalt planarbeid i perioden. Den skal også fastsetje kva planar som skal utarbeidast dei komande fire åra. Planstrategien bør innehalde eit oversyn over vedtekne regionale planar som framleis skal gjelde, planar som skal reviderast og planar som skal utfasast. Alle kommunane i fylket skal på same måte utarbeide ein kommunal planstrategi som skal vedtakast i kommunestyra i 2020.

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrådde eit felles arbeid med statistikk og utviklingstrekk og integrering av arbeidet med folkehelseoversikt. Arbeidsutvalet i fellesnemnda for samanslåing av dei to fylka, har hatt ansvar for arbeidet med kunnskapsgrunnlaget. Dette arbeidet har resultert i rapporten *Vestland - utfordringar for fylket og regionane* og rapporten *Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020*. Desse skal bli lagt til grunn for arbeidet. Fylkeseldrerådet har fått tilsendt desse plandokumentata tidlegare.

Det er planutvalet i Vestland som skal leie prosessen og drøfte vegval undervegs. Arbeidet skal utførast i samråd med Fylkesmannen i Vestland og KS-Vestland om innhald og prosess, og intern medverknad frå fagutvala og ekstern medverknad frå andre relevante organ. Høyringsperioden vil bli i mai til juni, og det kan bli lagt til rette for eksterne høyringsmøte. Fylkeskommunen vil her vurdere å gjenta dialogmøta som vart skipa til regionvis då ein arbeida med kunnskapsgrunnlaget.

Både frå regionalt politisk hald og i nasjonale forventningar til regional planlegging er det understreka at berekraftsmåla til FN skal leggjast til grunn for planarbeidet. I rapporten om utfordringar for Vestland og i folkehelseoversiktsdokumentet er det vist korleis måla til FN heng saman med hovudutfordringar i Vestland. I regional planstrategi er det naturleg å synleggjere korleis planarbeid i Vestland følgjer opp berekraftsmåla til FN.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant  
**Klima:** ikkje relevant  
**Folkehelse:** ikkje relevant  
**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet har merka seg at utviklingsplan (regional planstrategi) føreset brei medverknad i prosessen, og ynskjer å ta del i arbeidet